

Møteprotokoll

Utval: **Ålfotbrean verneområdestyre**

Møtestad: Kommunehuset, Svelgen

Dato: 24.11.2017

Tidspunkt: 10:00 – 12:00

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Hege Lothe	Leder	
Jan Henrik Nygård	Medlem	
Gunn Sande	Medlem	

Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Marius Strømmen	Nestleiar	

Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Audun Åge Røys	Marius Strømmen	

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Alf Erik Røyrvik	Verneområdeforvaltar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 10/2017	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 11/2017	Godkjenning av protokoll frå førre møte		
RS 6/2017	Orienteringssaker		
RS 7/2017	Orientering om besøksstrategi		
RS 8/2017	Orientering om artikkelserten til Arve Sandal		
RS 9/2017	Referat frå møte med Fagleg Rådgjevande utval		
ST 12/2017	Ålfotbreen verneområdestyre - søknad om tiltaksmidlar for 2018		2017/3852
ST 13/2017	Ålfotbreen verneområdestyre - retningslinjer for bruk av drone		2017/3943
ST 14/2017	Eventuelt		

ST 10/2017 Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

ST 11/2017 Godkjenning av protokoll frå førre møte

Framlegg til vedtak:

Protokoll frå styremøte 2/2017 vert godkjent og signert

Vedtak:

Protokoll frå styremøte 2/2017 vart godkjent og signert

Protokoll frå styremøte 1/2017 vart signert (godkjent tidlegare)

RS 6/2017 Orienteringssaker

- Grønne Fingre AS er konkurs. Vi hadde fleirårig rammeavtale om kjøp av tenester med dette firmaet. Dagleg leiar m.fl. er i ferd med å starte opp nytt og nokon mindre firma innan same fagfeltet.

Vi kan gjere direkte kjøp frå det nye firmaet so lenge kjøpa er under terskelverdiane for offentlege innkjøp, og det er dei aller fleste av våre oppdrag. Vi har gode erfaringar med dette miljøet og mi innstilling er å bruke dei vidare innanfor regelverket for offentlege innkjøp, inntil eventuell ny anbodsprosess.

RS 7/2017 Orientering om besøksstrategi

Miljødirektoratet skal gje dokumentet fagleg godkjenning før vi kan sende det ut på høyring. Eg sende eit utkast til direktoratet i september, men von om å få det godkjent slik at styret kunne sende eit godkjent framlegg ut på høyring etter dette møtet.

14.nov fekk eg tilbakemelding, felles for Ålfotbreen og Naustdal-Gjengedal sine strategiar.

Miljødirektoratet krev ei rekke endringar før dei vil godkjenne dokumenta. Endringane går på struktur, meir utfyllande opplysningar i kunnskapsgrunnlaget, meir konkrete og detaljerte opplysningar i strategiske grep og dessutan på ordlyden i målsetningane. Tilbakemeldingane var mest basert på Naustdal-Gjengedal-strategien, so eg har bedt om like konkret gjennomgang av Ålfotbreen-strategien.

Slik eg vurderer det, vil eg dele tilbakemeldingane i tre kategoriar og handtere kvar enkelt ut i frå det:

1. Konstruktive og nyttige mindre endringar som gjer strategien betre og som kan gjerast utan at intensjonane i strategien vert endra.
2. Større endringar på punkt som er vedtatt av styret. Her må styret ta stilling til eventuelle endringar.
3. Tilbakemeldingar som truleg bygger på manglande kunnskap om lokale forhold. Desse vil eg ta opp med direktoratet og freiste å kvittere ut utan å endre for mykje i strategien.

Eg har bedt Miljødirektoratet finne høveleg tidspunkt for eit telefonmøte eller likande der vi kan gå gjennom tilbakemeldingane. Før dette får eg ikkje gjort so mykje i sjølv dokumenta, eg har derfor ikkje noko nytt utkast å legge fram for styret i dette møtet.

I 2017 fekk vi lite tiltaksmidlar fordi vi ikkje hadde godkjent besøksstrategi. Vi vil gjerne unngå at det same skjer i 2018 og at viktige tiltak må ligge på vent i enno eitt år. Eg kjem derfor til å be Miljødirektoratet legge vårt framlegg til besøksstrategi til grunn.

RS 8/2017 Orientering om artikkelseryen til Arve Sandal

På førre møte presenterte eg kort dei artiklane som skulle publisera. No har vi kome eit langt steg vidare, og vi er i gang med publiseringa.

Vi har ei nettside opp og gå; www.alfotbreen.no

På den nettsida har vi no (per møtedato) publisert dei 3 første artiklane. I tillegg har vi nokre faste sider om verneområdet og om prosjektet.

To av dei har og vore på trykk i papiraviser (Firda og Sogn Avis).

Trafikken på nettstaden tyder på god respons.

Kostnadene med prosjektet.

Produksjon av artiklane har kosta kr 100.000 eks mva. Dette vart dekka av tiltaksmidlane for 2016, og betalt ut til Skald Forlag. Utbetalinga dekker alle kostnadene med gjennomføring av turar og produksjon av tekst og foto til artiklane.

Vi har også kostnadene på kr 30.000 eks mva knytt til webdesign og produksjon av nettsida. Vi har nytta Bjørnar Aske i Innholdspartner på Sandane til denne jobben. Dette vert dekka av tiltaksmidlar for 2017. Framover vil vi ha nokre årlege kostnadene med hosting av nettside og domene. Desse vil vi fortrinnsvis dekke over driftsbudsjettet til forvaltningsknutepunktet.

RS 9/2017 Referat frå møte med Fagleg Rådgjevande utval

Fagleg Rådgjevande utval for Ålfotbreen hadde møte fredag 17. november. Då møtte det fire representantar; to grunneigarar, ein frå SFE og ein frå Sogn og Fjordane turlag. Frå forvaltninga møtte styreleiar og verneområdeforvaltar.

Innspel frå utvalet:

Generell informasjon frå medlemmane i utvalet

- SFE er i gang med å sette opp nokre informasjonsskilt i randområda rundt landskapsvernombordet. Skilta skal først og fremst bidra til trygg ferdsel ved SFE sine magasin og anlegg i området.
- Knekkevasshytta i Bremanger er godkjent som DNT-hytte. Keipen turlag har avtale der dei leiger hytta av Svelgen Kraft som eig den.

Innspel til aktuelle tiltak

- Vegen opp til parkeringsplassen på Nakkane i Hope har dårlig dekke på delar av strekninga. Her bør ein vurdere tiltak.
- Stien frå vegen i Førdedalen og i retning hylle 7 treng rydding.
- Parkering i Bjørndalen; her er det mange parkeringsmogelegeheter. Her bør ein ikkje lage fleire parkeringsplassar som det står i besøksstrategien, men heller bruke dei som er. Sørge for god skilting og informasjon.
- Dersom ruta frå Mettenes skal forbetraast, må ein vurdere ei bru over elva ved utløpet frå Skarvevatnet. Når denne elva er stor er det krevjande å krysse.
- Det er behov for bru i Svartedalen, innanfor Grøndalen.
- Ein bør vurdere tiltak på stien til Blåbrebu. Stadvis er det bratt, og enkelte elvar er krevjande å krysse ved stor vassføring.
- Elles er utvalet positive til dei tiltaka som står i besøksstrategien

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	12/2017	24.11.2017

Ålfotbreen verneområdestyre - søknad om tiltaksmidlar for 2018

Saksprotokoll – Vedtak

Pri	Tiltak	Skildring	Sum	Grunngjeving	Forankring
1	Hope-Lavestenen	Utbetra stien frå Skogsvegen i Hope og opp til Lavestenen. Legge om og merke delar av stien og bygge grøfter og stikkrenner på langs delar av strekninga.	250 000	Hope - Lavestenen er valt som hovudinnfallsport til Ålfotbreen landskapsvernombordet i besøksstrategien. Stien er i dag ganske dårlig på denne strekninga og får dårlige tilbakemeldingar frå brukarane. Kostnad er vesentleg redusert frå planane i 2017	Framlegg til besøks-strategi
2	Grus Hope - Nakkane	Gruse opp vegna frå Hope og opp til parkeringsplassen på Nakkane, i samarbeid med andre aktørar	40 000	Hope er den viktigaste innfallsporten til landskapsvernombordet. Det må vere greit å kome fram tilparkeringsplassen på Nakkane for dei besøkande.	Framlegg til besøks-strategi

3	Skilt	Sette opp informasjonsskilt om Ålfotbreen LVO i knutepunkt der folk ferdast. Skilta skal vere i tråd med besøksstrategi, ny merkevarestrategi og malane i merkevarestrategien.	100 000	Vi må informere besøkande og reisande om verneområdet der dei er, ikkje berre i innfallsportane.	Framlegg til besøks-strategi
4	Bytte ut stige ved Blåbrebu	Bytte ut ein därleg/øydelagd trestige på ruta frå Blåbrebu til breen. Gjere ferdig tiltak som vart byrja på i 2017. Kostnadar kan bli noko høgare enn det som var stipulert i 2017 grunna transportkostnadar (helikopter).	20 000	Tiltaket vart byrja på i 2017, men vart av ulike årsaker ikkje ferdigstilt.	Tiltaks-plan, bestillingsdialog 2017
5	Rydde stien til hylle 7	Rydde stien som går frå vegn i Førdedalen og til hylle 7.	10 000	Førdedalen er trekt fram som ein viktig innfallsport i framlegg til besøksstrategi. I følge innspel frå Fagleg Rådgjevande utval er det behov for rydding på stien som går til hylle 7 og vidare til turmål som Keipen m.fl.	Framlegg til besøks-strategi
		Sum	420 000		

Innstilling frå forvaltar

Pri	Tiltak	Skildring	Sum	Grunngjeving	Forankring
1	Hope-Lavesteinen	Utbetra stien frå Skogsvegen i Hope og opp til Lavesteinen. Legge om og merke delar av stien og bygge grøfter og stikkrenner på langs delar av strekninga.	250 000	Hope - Lavesteinen er valt som hovudinnfallsport til Ålfotbreen landskapsvernområde i besøksstrategien. Stien er i dag ganske därleg på denne strekninga og får därlege tilbakemeldingar frå brukarane.	Framlegg til besøksstrategi
2	Skilt	Sette opp informasjonsskilt om Ålfotbreen LVO i knutepunkt der folk ferdast. Skilta skal vere i tråd med besøksstrategi, ny merkevarestrategi og malane i merkevarestrategien.	100 000	Vi må informere besøkande og reisande om verneområdet der dei er, ikkje berre i innfallsportane.	Framlegg til besøksstrategi
3	Bytte ut stige ved Blåbrebu	Bytte ut ein därleg/øydelagd trestige på ruta frå Blåbrebu til breen. Gjere ferdig tiltak som vart byrja på i 2017. Kostnadene kan bli noko høgare enn det som var stipulert i 2017 grunna transportkostnadene (helikopter).	20 000	Tiltaket vart byrja på i 2017, men vart av ulike årsaker ikkje ferdigstilt.	Tiltaksplan, bestillingsdialog 2017
Sum			370 000		

Eventuelle innspel og forslag til tiltak som kjem fram i møte med Fagleg Rådgjevande utval den 17.11, vil verte lagt fram i møtet.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	13/2017	24.11.2017

Ålfotbreen verneområdestyre - retningslinjer for bruk av drone

Saksprotokoll – vedtak

Styret vedtok følgjande retningslinjer for handsaming av droner i Ålfotbreen landskapsvernområde:

Retningslinjer for handsaming av «dronesaker» i Ålfotbreen

Bruk av drone er i utgangspunktet forbode i Ålfotbreen landskapsvernområde. Flyging med drone vert ramma av føresegna i verneforskrifta § 3 pkt 6.2:

6.2 *Unødvendig støy skal unngås. Det er ikke tillate å bruke motor på modellfly, modellbåt o.l.*

Generell dispensasjon

Det er likevel nokre unntak. Det vil vere naturleg å sjå til reglane for motorferdsel i verneområdet dersom det vert naudsynt å bruke drone knytt til visse samfunnsviktige føremål:

5.2 *Forbodet i punkt 5.1 gjeld ikke:*

- a) *motorferdsel ved militær operativ verksemد og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemد, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver bestemt av forvaltningsstyresmakta. Unntaket gjeld ikke øvingskjøring.*

Til desse føremåla vil det also gjelde ein generell dispensasjon til bruk av både motorferdel og drone.

Søknadspliktige føremål

All anna bruk av drone må søkjast om. Sidan det ikkje er føresegner i verneforskrifta som gjeld drone, so må alle søknader handsamast etter naturmangfaldlova (nml) § 48 (generell dispensasjonsheimel). Denne føresegna skal handsamast strengt og berre brukast unntaksvis.

Verneområdestyret vil i utgangspunktet ha ei restriktiv haldning til bruk av drone i verneområdet. I kva grad det skal gjevast dispensasjon kjem mellom anna an på føremålet med dronebruken.

Søknad om bruk av drone knytt til;

- søk etter beitedyr,
- tilsyn med anlegg, installasjonar, ustabilt fjell mm.,
- eller i samband med forsking

definerer styret som «kurante saker». Her kan forvaltar handsame saka med delegert mynde jamfør delegeringsvedtak.

Bruk av drone til filmproduksjon vil vere meir komplekse saker. Viktige vurderingar her vil vere kva som skal formildast i bilet og/eller film, og kva føremål bileta/filmen skal nyttast til. Slike saker skal alltid leggast fram for styret.

Søknader om bruk av drone til andre føremål enn desse skal alltid leggast fram for styret.

Sakshandsaming

- Bruk av drone må søkjast om på linje med bruk av motorferdsel. Søknader må innehalde opplysningar om føremålet med dronebruken, stad, tidsrom og omfang.
- Verneområdeforvaltar utgreier saka etter naturmangfaldlova § 48, og enten legg saka fram for styret eller fattar vedtak med delegert mynde.
- Søkjrarar må søkje i god tid. Løyve på kort varsel, over telefon eller e-post, vert ikkje gjeve.

Styret ber og forvaltar om å informere kommunane og andre aktørar om regelverk for bruk av droner i verna natur.

Innstilling frå forvaltar

Framlegg til retningslinjer for handsaming av «dronesaker» i Ålfotbreen

Bruk av drone er i utgangspunktet forbode i Ålfotbreen landskapsvernområde. Flyging med drone vert ramma av føresegna i verneforskrifta § 3 pkt 6.2:

6.2 *Unødvendig støy skal unngås. Det er ikkje tillate å bruke motor på modellfly, modellbåt o.l.*

Generell dispensasjon

Det er likevel nokre unntak. Det vil vere naturleg å sjå til reglane for motorferdsel i verneområdet dersom det vert naudsynt å bruke drone knytt til visse samfunnsviktige føremål:

5.2 *Forbodet i punkt 5.1 gjeld ikkje:*

- b) *motorferdsel ved militær operativ verksemد og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemد, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver bestemt av forvaltningsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingskjøring.*

Til desse føremåla vil det altsø gjelde ein generell dispensasjon til bruk av både motorferdel og drone.

Søknadspliktige føremål

All anna bruk av drone må søkjast om. Sidan det ikkje er føresegner i verneforskrifta som gjeld drone, so må alle søknader handsamast etter naturmangfaldlova (nml) § 48 (generell dispensasjonsheimel). Denne føresegna skal handsamast strengt og berre brukast unntaksvis.

Verneområdestyret vil i utgangspunktet ha ei restriktiv haldning til bruk av drone i verneområdet. I kva grad det skal gjevast dispensasjon kjem mellom anna an på føremålet med dronebruken.

Søknad om bruk av drone knytt til;

- søker etter beitedyr,
- tilsyn med anlegg, installasjonar, ustabilt fjell mm.,
- eller i samband med forsking

definerer styret som «kurante saker». Her kan forvaltar handsame saka med delegert mynde jamfør delegeringsvedtak.

Bruk av drone til filmproduksjon vil vere meir komplekse saker. Viktige vurderingar her vil vere kva som skal formildast i biletet og/eller film, og kva føremål biletet/filmen skal nyttast til. Slike saker skal alltid leggast fram for styret.

Søknader om bruk av drone til andre føremål enn desse skal alltid leggast fram for styret.

Sakshandsaming

- Bruk av drone må søkjast om på linje med bruk av motorferdsel. Søknader må innehalde opplysningar om føremålet med dronebruken, stad, tidsrom og omfang.
- Verneområdeforvaltar utgreier saka etter naturmangfaldlova § 48, og enten legg saka fram for styret eller fattar vedtak med delegert mynde.
- Søkjarar må søkje i god tid. Løyve på kort varsel, over telefon eller e-post, vert ikkje gjeve.

ST 14/2017 Eventuelt

Ingen saker